



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

Uttale til høyring om forslag til forskrift om kompensasjon etter avvikling av hold av pelsdyr mv.

Vi viser til utsendt høyring frå Landbruks- og matdepartementet 28. juni 2019 om forslag til forskrift om kompensasjon etter avvikling av hold av pelsdyr mv.

Pelsdyrnæringa i Sogn og Fjordane og Hordaland

I Sogn og Fjordane søkte 13 føretak, fordelt på 5 kommunar, om produksjonstilskot til pelsdyr i 2017. I Hordaland var det 3 føretak fordelt i ulike kommunar. Det vart drive andre husdyrproduksjonar i 11 av føretaka.

Våre merknader

Pelsdyroppdrettarane er i ein spesiell situasjon som krev at forvaltninga gjer ein grundig og fagleg god jobb. Tidleg og god kontakt med oppdrettarane med synfaringar i felt vert viktige tiltak for gode prosessar i dette arbeidet. Vi har fagleg kompetanse med bakgrunn frå både bygningsplanlegging og erfaring frå andre erstatningsordningar, så det er fornuftig å legge denne oppgåva til oss.

Vi har ikkje konkrete endringsforslag til forskrifta, men vil kommentere nokre problemstillingar.

- Det kan bli ei utfordring å avklare kva for aktiva som gjeld pelsdyr i føretak som også driv anna landbruksproduksjon. Forvaltninga skal i slike tilfelle nytte skjønnet for å finne grunnlaget for kompensasjon. Det blir då viktig å kalibrere skjønnet mellom fylka.
- For å sikre at arbeidet med riving og opprydding skjer på ein kostnadseffektiv måte vert det stilt krav om at arbeidet skjer etter ein plan som er godkjent på førehand og inneheld eit eventuelt tilbod frå tenestetilbydar. Vi trur det hadde vore enklare for både føretaket og forvaltninga om det vart spesifisert kva som skal vere med i tilbodet. Det kan også bli ei utfordring at det i enkelte distrikt ikkje er så mange entreprenørar som tek slike oppdrag.
- Det bør gjevast føringar for kva som er god nok opprydding, med tanke på både bygningsavfall og arealtilstand m.m.
- Fylkesmannen bør kunne gje dispensasjon frå kravet om førehandsgodkjent plan for riving etter § 6, slik at det vert mogleg å dekke kostnader til riving som er starta før forskrifta er fastsett. Det er nødvendig med dokumentasjon av anlegget før oppstart av rivinga, til dømes ved hjelp av foto.



Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent